

- KUNNGJERING -

Søknad om løyve til å legge ned dam Storediket i Bergen kommune

NVE har motteke søknad frå Bergen kommune om løyve til å legge ned dam Storediket i Bergen kommune. Søknaden vert behandla etter reglane i kapittel 3 og 7 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8, jf. § 41 i same lov. Alternativet til nedlegging er at ein ny eigar overtar anlegget jf. vassressurslova § 42. Dersom nokon ønskjer å ta over vassdragsanlegget for at dammen skal bli ståande, ber vi om at de kontaktar NVE så snart som råd og seinast innan **30.6.2022**.

Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn på NVE sine internettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høringsfristen går ut. Dersom du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Per Lasse Reinertsen på tlf.: 90 57 54 02 eller e-post: perlasse.reinertsen@bergen.kommune.no.

Alle som har ei meining om saka, kan sende ein uttale på éin av følgjande måtar:

- via skjema for uttalar, som de finn på internettsidene våre
- via e-post til uttalelse@nve.no (merk e-post med «Høringsuttale» og saksnummer 202118291 i emnefeltet, og skriv namn og organisasjonsnummer i innleiinga viss du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Frist for uttale er innan **30.6.2022**.